

# SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Gunnar Bergo  
Arkivsaksnr.: 14/1211-1 21445/14

Arkiv: L12

Saka gjeld:

## RULLERING AV KOMMUNEPLANEN 2015- 2026 - OFFENTLEG ETTERSYN

### 1. INNSTILLING:

**::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓**

#### **Administrasjonen si innstilling:**

I medhald av plan- og bygningslova §11-14 vert framlegg (datert 22 sep. 2014) til kommuneplan for Voss 2015-2026 utlagt til offentlig ettersyn.

Høyringsfrist vert sett til 18 nov. 2014.

**::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑**

**... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓**

### 2. DOKUMENT SOM BAKGRUNN FOR SAKA:

Dokument merka med \* ligg ved.

\* Framlegg, datert 22 sep.2014, til kommuneplan for Voss 2015-2026 ( samfunnsdelen)

\* Framlegg, datert 22 sep.2010, til arealdel 2015-2026 med planomtale, føresegner og retningslinjer.

Arealkarta med omsynsoner, temakart og ROS-analyser er tilgjengelege på kommunen sine nettsider under kommuneplan 2015-2026, høyringsframlegg, frå 29 sep.

### 3. SAMANDRAG AV SAKA:

Kommuneplanen skal rullerast for perioden 2015-2026. Planprogram for arbeidet vart vedteke av Voss kommunestyre 20 juni 2013. Det er no utarbeida eit framlegg til ny kommuneplan. Administrasjonen tilrår at planframlegget vert lagt ut til offentlig ettersyn.

#### 4. FAKTA OM SAKA:

Gjeldane kommuneplan har eit handlingsprogram som gjeld for perioden 2011-2014. Planen skal no rullerast for 4 nye år. Oppstart av planarbeidet er kunngjort etter reglane i PBL. I samband med planoppstart vart det utarbeida eit planprogram for arbeidet med rulleringa. Planprogrammet gjer greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen, medverknad og sentrale tema som skal handsamast i planen. Planprogrammet vart vedteke av kommunestyret 20 juni 2013 (sak 52/13).

Arealdelen, og delvis også samfunnsdelen, er rullert. Hovudfokus i arealdelen ved denne rulleringa har vore å tilretteleggja for auka sentrumsnært bustadareal / fortetting. Det har og vore fokus på å finna eigna areal for råstoffutvinning. Når det gjeld samfunnsdelen er handlingsprogrammet rullert og statusdelen oppdatert.

Planarbeidet har vore leia av Formannskap/plan og økonomi. To arbeidsgrupper samansett av politikarar og representantar frå administrasjonen har førebudd planrevisjonen;

##### **Arbeidsgruppe 1 : Arealdelen**

*Politisk valde* : Hans Erik Ringkjøb (AP), Sigbjørn Hauge (SP), Iiril Schau Johansen (H)  
Torstein Gunnarson (V)

*Frå adm.* : Berit M. Galaaen og Gunnar Bergo

##### **Arbeidsgruppe 2 : Handlingsprogrammet**

*Politisk valde* : Hans Erik Ringkjøb (AP), Bjørg Djukastein (AP), Tove Østlie (SP), Arnfinn Gjerdåker (SV), Sigbjørn Hauge (SP), Torstein Gunnarson (V),

Iiril Schau Johansen (H), Svein Erik Burud (H), Arne Mosefinn (KRF)

*Frå adm.* : Einar Hauge, Eilev Aalvik og Gunnar Bergo

I tillegg til arbeidet i arbeidsgruppene er det m.a. halde eit ope møte om planarbeidet, open kontordag, møte med planforum og eigne møter med ulike interessegrupper.

##### **Innspel**

Innbyggjarar, lag og organisasjonar, regionale styresmakter m.m. vart hausten 2013 invitert til å koma med innspel i planprosessen. Totalt 127 innspel var innkomne innan fristen. Administrasjonen har på grunnlag av innspel og arbeidet i arbeidsgruppene utarbeidd eit utkast til ny plan for perioden 2015-2026.

##### **KU – vurdering og ROS- analyse**

Nye tiltak i arealdelen er konsekvensvurdert på eit overordna nivå (jf. kap.7 i arealdelen). Det er i tillegg gjennomført ROS-analyser for desse tiltaka (vedlegg 4 i arealdelen). Dette er utført etter standard opplegg og i tråd med Voss kommune sin overordna plan for ROS. Akseptkriteriene som her er vedtekte er lagt til grunn for arbeidet.

##### **Nye tiltak i framlegg til ny kommuneplan ;**

Høringsframlegget inneheld fleire større område der det er planar om ny arealbruk. På Bømoen er det igansett reguleringsarbeid for eit ca. 2000 daa stort areal der det m.a. er planar om opp mot 1000 nye bustader, div. næring, råstoffutvinning m.m..

Totalt er det lagt inn 37 nye områder for bustader i planforslaget, det største utanom Bømoen er Hellesnes med 70 bustader. Tilsvarende er det lagt inn 21 nye områder for fritidsbustader, det

største her er “Solnutane” i Raundalen ( 100 fritidsbustader). 7 område er avsett til næring og 5 område til råstoffutvinning . 3 større områder av avsett til idrettsformål ; utviding av Voss Resort sitt alpinanlegg mot Dyrvedalen, nytt fleirbruksanlegg med m.a. travbane på Kyte og øvingsbane for snøscooter på Hildestveit.

### **Omsynsonar**

Omsynsonar er brukt i tillegg til arealformål og det er knyta føresegner eller retningslinjer til fleire av desse sonane. Gjeldande kommunedelplanar og reguleringsplanar er vist som omsynsonar i arealdelen. Fleire område med viktige grunnvatn/ drikkevassressursar er tilsvarande vist som omsynsonar for drikkevatt. Område som er kartlagt og der det er uønska støypåverknad (over gjeldande støygrensar) er og vist som omsynsonar.

Landbruksområde med høg verdi for matproduksjon eller kulturlandskap/kulturminne eller ein kombinasjon av desse er klassifisert som kjerneområde. Desse områda er tilsvarande og vist som omsynsoner. Tilsvarande er område med høg naturverdi vist som omsynsonar.

Bømoen er bandlagd som omsynsone i påvente av godkjend reguleringsplan for området.

### **Føresegner og retningslinjer**

Dei kommunale føresegnene og retningslinjene er noko justert ved denne rulleringa i høve til gjeldande plan. Dette gjeld m.a. i høve til når krav om reguleringsplan slår inn for ulike typar av tiltak (m.a. bustadbygging, råstoffuttak og campingplassar).

### **Helsestatus**

Som grunnlag til denne rulleringa har kommunen utarbeida ein første generasjon helsestatus for Voss kommune. Hovudfunna her er innarbeida i plandokumentet.

### **Sykkelplan**

I samarbeid med Statens vegvesen har kommunen utarbeida utkast til ein sykkelplan for sentrumsområdet. Planen viser noverande og framtidige sykkeltrasear og område som treng spesiell fokus dei kommande åra. Planutkastet ligg som vedlegg 11 i arealdelen.

Planperioden for ny kommuneplan er 12 år ; 01.01.2015 - 31.12.2026.

## **5. ADMINISTRASJONEN SI VURDERING:**

Kommuneplanen skal vera det overordna og styrande plandokumentet for kommunane.

Dei siste åra har regionalnivået også vore tydelege på at dei i større grad ynskjer å forhalde seg til kommuneplanen og i mindre grad til detaljplanlegginga i kommunane. Administrasjonen har ei klar oppfatning av at kommuneplanen gradvis og har fått ein tydelegare funksjon i kommunen som eit overordna styringsdokument. Når det gjeld handlingsprogrammet i samfunnsdelen har det likevel vore ei utfordring å få denne godt nok tilpassa og samkøyrd med økonomiplan og årsbudsjett.

## **Arealdelen**

Arbeidsgruppe 1 har gjennomgått og vurdert dei ulike innspela. Nokre innspel er ikkje teke med i planutkastet, m.a. av omsyn til dyrka mark og mangel på bakgrunnsareal (fritids-bustader). Nokre innspel er ikkje handsama då dei er kome inn etter fristen.

### ***Bømoen***

Arbeidet med områdeplanen her er ikkje kome så langt at ein i kan visa aktuelle arealformål med grenser i kommuneplanen. Området er derfor bandlagt ( omsynsone) med 4 nye år (det er søkt godkjenning frå Fylkesmannen om dette) inntil godkjend reguleringsplan føreligg. I arealdelen er likevel dei ulike arealformåla omtala.

### ***Palmafossen***

På Palmafossen er eit større område vist som område for bebyggelse og anlegg (BA 1). Kommunen opnar her opp for at det kan utarbeidast ein områdereguleringsplan som også tar opp infrastrukturen (både samankopling til E-16 og jernbanen i området). Området er i dag i hovudsak utbygd, men framstår som noko ustrukturert og ein heilheitleg plan bør kunne tilføra området nokre overordna grep.

### ***Nye bustadområde***

Det er eit mål å auka folkeveksten i kommunen. Eit hovudfokus ved denne rulleringa har derfor vore å auka tilgangen på bustadtomter i sentrum og i sentrumsnære område. Kommunen har i denne samanheng motteke skjønnsmidlar frå Fylkesmannen for å kunna innhente relevant grunnlagsinformasjon på dette området. Det har m.a. resultert i at kjerneområda i sentrum er analysert på nytt og at ein har trekt ei grense mellom område der ein ynskjer framtidig bustadbygging og der ein vil ta vare på LNF-områda til landbruksproduksjon i sentrumsområdet ( jf. temakart). Det er og gjennomført ei vurdering av kva potensiale eksisterande tomter og nye areal har for nye bueiningar innanfor dette området.

I planframlegget er det etter innspel frå grunneigarane også i dette planframlegget lagt inn eit bustadområde i Raaberget på Tvildemoen. Dette er gjort med bakgrunn i at grunneigarane har vore i ein dialog med Skifte Eigedom for å tilbakeføre dette arealet til sivil bruk (området er i dag avsett til område for forsvaret). Ved ny kontakt med Forsvarsbygg er tilbakemeldinga at prosessen framleis ikkje er kome så langt at det er grunnlag for å endre planformålet. Administrasjonen vil likevel tilrå at ny sivil arealbruk blir vist i planframlegget, og at Forsvarsbygg får høve til å ta ei ny vurdering i høyringa.

Ved vurdering av ny arealbruk i kommuneplanen har ein lagt gjeldande retningslinjer for senterstruktur til grunn. Det har vore eit mål om å byggja opp om eksisterande strukturar og samordne areal- og transport best muleg. Det er samtidig eit politisk ynskje om å skape aktivitet ute i alle bygdene og desse måla kan ofte vere vanskeleg å sameine.

### ***Konsekvensar ved auka folkemengde i kommunen***

Folketalet Noreg er forventa å auke sterkt dei neste 50 åra. I tillegg til at vi får fleire innvandrarar, vil folketalet bli prega av ein stadig større del av eldre. Framskrivningane for Voss viser også ein jevn auke (ca. 0,5% pr. år) og om ti år vil folketalet ha auka med ca. 1000. I Bergen vil folketalet truleg få ein langt sterkare vekst. Voss bør ved god tilrettelegging kunne ta del i denne veksten. Ei dobling av folketalet innan 30 år tilsvarar ekempevis ein årleg folkevekst på ca. 2,5 %. God tilgang på attraktive, sentrumsnære bustader / bustadtomter og ein opprusta Vossabane vil vera dei to viktigaste momenta for å kunne ta del i denne folkeveksten.

Sjølv med ein betydeleg kraftigare vekst i folketalet enn SSB sine prognosar har kommuneplanen nok tomteareal i sentrumsområdet i planperioden. Berekingar viser at det er bustadpotensiale for ca. 7000 nye innbyggjarar i sentrumsområdet. Like utanfor dette området ligg m.a. Bømoen der det kan vera aktuelt med opp mot 1000 nye bustader. Sjølv om kommunen har nok bustadareal kan det likevel vera ei utfordring å få realisert ei rask nok utbygging i takt med ein slik folkevekst.

Kommunen har i dag full barnehagedekning etter lovkravet. Ved aukande folkemengde må kapasiteten derfor utvidast. Ved ein folkevekst i tråd med SSB sine folketalsprognosar (middels og høg vekst) har kommunen plass til elvane i grunnskulen i eksisterande bygningsmasse/etter pågåande arbeid med utbygging. Unntaket frå dette er Voss ungdomskule der kapasiteten på tal klassar alt er nådd pr. i dag. Dersom veksten blir vesentleg utover SSB sine prognosar vil elevkapasiteten også måtte utvidast ved andre skular og/ eller det vil bli naudsynt å endre kringsgrensene.

Etter SSB sine prognosar vil aldersgruppa 67-79 år auka markert dei neste 10 åra (ca. 500 personar) medan gruppa 80+ kun vil få ein beskjeden auke etter prognosane. Ved å vri ressursbruken innan omsorgsektoren meir over på førebygging og heimetenester vil ein prøve å nytte dei samla ressursane meir effektivt enn i dag.

### ***Fritidsbustader***

Det er no over 3300 fritidsbustader i kommunen. I tillegg er det ein del ledige tomter i eksisterande felt. I Myrkdalen og Bavallen er det tidlegare godkjent planar for totalt ca. 4000 nye fritidseiningar. Planframlegget no inneheld ca.170 nye fritidsbustader, i totalt 21 område. Det bør såleis vera rikeleg tilgang på fritidseigedomar i planperioden.

### ***Område for råstoffuttak***

Det er lagt inn 5 nye område for råstoffuttak i planutkastet. For dei største uttaka blir det krevd reguleringsplan. Kommunen kjenner til at det og har vore/ blir teke ut stein- og grusmassar andre stader i kommunen, utan plan eller godkjenning. Av erfaring veit vi at mange av desse plassane ikkje vert avvølt eller sikra og at det gjerne ligg div. avfall igjen på desse plassane. Ved innfasing av den nye minerallova håpar ein at forholda på desse plassane vert betra.

### ***Næringsområde***

I planframlegget er det lagt inn 7 nye område for næringsformål. I Raaberget på Tvildemoen er det på ny lagt inn eit næringsområde over riksvegen (N 27). Området er i dag avsett til ” område for forsvaret” og forsvarsbygg meiner at dette formålet også bør vidareførast i ny plan ( jf. tilsvarande vurdering av bustadfelt i dette området).

Ein ny del av husdyrparken på Bordalen (N 30) er no lagt inn som næringsområde i planframlegget. Det inneber at grunnlaget for tradisjonell landbruksdrift på garden blir redusert, men dette vil truleg gje større moglegheiter for å kunne finansiere ei vidare oppbygging av parken.

### ***Campingplassar***

Alle dei kjende campingplassane i kommunen er no lagt inn i kommuneplanen som område for “ fritids- og turistformål”. Voss formannskap gjorde i 2012 vedtak om at eksisterande campingplassar i Voss kommune som er avsett i kommuneplanen kan godkjennast av kommunen som byggesak med tilhøyrande situasjonsplan. For nye plassar el. ved utviding av eksisterande plassar vert det imidlertid sett krav om reguleringsplan.

### ***Alpinområde***

Voss Resort har planar om å utvida anlegget sitt i vest mot Dyrvedalen. Det er i denne samanheng planar om skiheis frå Dyrvedalen opp mot Slettafjellet. Administrasjonen meiner det er god arealpolitikk og forsterka/ utvide eksisterande alpintenter framfor å tilretteleggja anlegg i nye område. Grensene for utviding av anlegget synes å ta rimeleg omsyn til kultur- og miljøkvalitetar i området, men dette vil nærare konsekvensvurderingar kunne gje meir informasjon om.

### ***Fleirbruksanlegg***

På Kyte er det planar om eit ca. 200 da stort fleirbruksanlegg for travsport, riding, hundetrening m.m.. Det tiltenkte arealet ligg i eit relativt flatt skogsområde som synes eiga til formålet, sjølv om tilkomstvegane til området ikkje er dei beste.

### ***Snøscooter- område***

Nord for Hildestveit har Voss snøscooter og ATV- lag er planlagt eit ca. 450 da stort øvingsområde for snøscooter. Området ligg opp mot skoggrensa, i eit relativt lite brukt utmarksområde. Kommunen har ikkje opplysningar som spesielle naturkvalitetar i området som kan bli skadelidane ved tiltaket.

### ***Konsekvensvurderingar og ROS-analyser***

Den nye plan- og bygningslova inneber at arbeidet med kommuneplanen er langt meir omfattande enn tidlegare. M.a. skal no alle nye område i arealdelen verdivurderast og konsekvensvurderast. I tillegg skal det gjennomførast ei ROS analyse av dei nye tiltaka. Dette inneber meir arbeid, men og at både kommunen og andre som skal vurdera dei nye innspela får eit betre grunnlag for å vurdera verknadane av tiltaka.

### ***Nye areal i planframlegget der administrasjonen har spesielle merknader.***

Dei ulike innspela til planen er konsekvensvurdert og ROS- analysert av administrasjonen. Ei arbeidsgruppe ( samansett av politikarar og administrasjon) har deretter vurdert kva innspel som bør inngå i den nye planen. Vurderingane i arbeidsgruppa har i all hovudsak vore samstemt, men administrasjonen ynskjer likevel å fokusere på nokre problemstillinga når det framtidig arealbruk i nokre område;

Bustadfelt på Hellesnes ( B 19) bør etter administrasjonen si vurdering ikkje inngå i kommuneplanen då området m.a. ligg i eit samanhengande landbruksområde med registrerte kulturminne. Det er heller ikkje gå/ sykkelavstand til sentrum.

Bustadtomt på Bolstad ( B22) bør etter administrasjonen si vurdering ikkje inngå i kommuneplanen då området ligg langs ein landbruksveg relativt langt ute i utmarka der det frå før ikkje er bebyggelse.

Øvingsområdet for snøscooter på Hildestveit ( I 2). Dersom det skal tilretteleggjast for eit slikt anlegg i kommunen kan dette området vera eigna. Formålet med området framstår likevel noko uklart og administrasjonen er usikker på om eit slikt anlegg kan godkjennast etter gjeldande lovverk. Det kan og stillast spørsmål om ei tilrettelegging av eit slikt anlegg vil auka omfanget av denne aktiviteten med dei følgjer dette etter kvart vil kunne få for andre utmarksområde i kommunen.

Fritidsbustad i Jordalen ( F 37) bør etter administrasjonen si vurdering ikkje inngå i kommuneplanen då området er potensielt rasfarleg og ligg langs ein viktig innfartspart til verdsarvområdet i Nærøyfjorden.

Næringsområde i Gjernesmoen ( N29). Næringsverksemd er alt etablert i området, men utan godkjend plan. Området bør etter administrasjonen si vurdering ikkje omregulerast til næring, då det ligg nær eit mykje brukt friluftsområde og har tilkomst gjennom eit bustadområde.

## **Samfunnsdelen**

Handlingsdelen i kommuneplanane har ofte fått preg av å vera lange uprioriterte ynskjelister, langt utanfor dei økonomiske rammene kommunane må forholde seg til. I praksis er det derfor økonomiplanen, og i endå større grad årsbudsjettet som har vore det viktigaste styringsverktøyet i kommunane. Ei hovudmålsetjing er derfor å få ei betre kopling mellom kommuneplanen, økonomiplanen og budsjettet, m.a. ved å nytta felles oppbygging i desse dokumenta (basert på KOSTRA – inndeling av arbeidsområda).

Arbeidsgruppe 2 har gjennomgått dei ulike tiltaka i gjeldane kommuneplan og sett desse opp mot tiltaka i økonomiplanen og den økonomiske handlefridommen som kommunen har. Det er som tidlegare lagt opp til at dei prioriterte tiltaka i kommuneplanen (handlingsprogrammet) skal utgjera grunnlaget for kommunen sin økonomiplan. I tillegg til dei prioriterte tiltaka i kommuneplanen sitt handlingsprogram er det ( i vedlegg1) lista opp andre uprioriterte tiltak i planperioden (12 års-perioden). Dette er tiltak som *kan* løftast inn i handlingsprogram / økonomiplanen dersom dei økonomiske rammene tillet dette.

### ***Vidare handsaming av planen***

Planen bør no leggjast ut til offentleg ettersyn, m.a. i servicetorget og på internett. Sentrale institusjonar, lag og organisasjonar bør tilskrivast direkte. Fristen for å koma med merknader skal vera min. 6 veker. I høyringsperioden bør det haldast folkemøte i ulike deler av kommunen (Evanger, Vangen, Vinje og Raundalen) der planframlegget vert presentert. Etter høyringa er avslutta vil planen bli justert og lagt fram for FPL og kommunestyret for endeleg vedtak .

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)